

Referat for foreldremøte 10. september 2014

Føresette frå 9 heimar var representert.

Sakliste:

1. Personale
2. Klassereglar og rutinar
3. Utfordringar
4. Timeplan og vekeplan
5. Faga
6. Val av foreldrerepresentantar
7. Diverse

1: Elisabeth presenterte personalet som er knyta 2. klasse.

- Elisabeth som er kontaktlærer og har ansvaret for alle fag.
- Lisbet som er timelærer og har ansvar for spesialundervisning
- Vegard som har ansvar for gym og uteskule i lag med Elisabeth
- Ann-Kristin som er assistent i gymtimane
- Romana som er morsmålsassistent for polske elevar
- Anja som er lærling og med oss i gym, uteskule og 1 støttetime fredag

2: Klassereglane er same som i 1. klasse. Me må i løpet av året ta ei vurdering om desse skal endrast.

- Me skal vera snille med kvarandre
- Alle skal leike med kvarandre
- Det er viktig å høyre etter når andre snakkar
- Hugs å rekkje opp handa når du vil seia noko

Desse reglane kan elevane veldig godt, og dei er flinke å følgje dei. 2. klasse er ein gjeng der mykje skryt, mange refleksjonar og positive tilbakemeldingar er i fokus!

Vidare fortalde Elisabeth om Zero-programmet som er eit antimobbeprogram og om «Steg for steg»-programmet som trener den sosiale kompetansen. Me har òg eit trivselsprogram på skulen der elevrådet leggjar til rette for ulike aktiviteter i dei store friminuttane.

Føresette vart informert om skulen sitt nyaste tiltak «Det er tøft å vera god» - at me trekkjer fram dei gode prestasjonane (både fagleg og sosialt) og at det lønar seg å vera flink.

Til slutt gjorde Elisabeth føresette merksam på læringsmåla og kvifor det er lurt å gjennomgå dei med elevane heime; elevane skal føle eigarskap til desse.

3: Ulike utfordringar i 2. klasse vart presentert.

- Ro i garderoben
- «Politimann»
- Tonen i kvardagsspråket
- Ro i samlinga (samtale med klassen)

Referat for foreldremøte 10. september 2014

Desse utfordringane er ikkje store ting som pregar kvardagen i store mengder. Men Elisabeth fortalde likevel om dei for å understreke at dersom det ikkje er fokus på dei allereie no, kan det verte store ting seinare i skuletida.

4: Elisabeth presenterte kort timeplanen og vekeplanen

Timeplanen er i utgangspunktet fast men kan endrast ved turar osv. Ein føreset foreslo å ha norsk, matte og engelsk (som er dei viktigaste faga) tidleg på dagen der elevane er «friskare i hovudet». Elisabeth lovde å sjå nærmare på dette, men måtte opplyse om at nokre timar ikkje kan endrast (gymtimane og musikktimen)

Vekeplanen ser ut som i 1. klasse. Ei ny endring er eigenvurdering. Det er vedtatt ved lov at elevane skal vurdere si eiga læring, og det kan man gjere på t.d. vekeplanen. Kvar fredag må føresette sjå til at elevane har med seg vekeplanane attende på skulen. Det vert òg fortald at det er lov å gjere alle lekse måndagen. Dersom ein t.d. veit at onsdag er veldig travel, er det heilt legitimt for elevane å ta med seg heim leksebøker til denne dagen. Men berre det som står på vekeplanen er lov å gjere. Dersom ein elev har bruk for ekstra lekse, leggjar Elisabeth gjerne til rette for dette.

5: Elisabeth fortalde om faga samling, norsk og gym.

- Samling er den plassen me kan prate om kva som skjedde i helga eller at mamma/pappa sa noko gøy i går osv. Det er òg i denne tida me går gjennom dagen, snakkar om vêret på engelsk og finn ut kva for fag me skal ha i løpet av dagen.
- Norsk er 8 timar i veka. Elisabeth presenterte bøker som me jobbar med på skulen. Vidare vart føresette informert om at elevane får ekstraoppgåver tilpassa sitt nivå.
- Gym er i lag med 1. klasse, 2 timar i veka. Krav til utstyr er gymsko. Ved sokkar kan elevane skli og ved berre tær kan elevane smitte kvarandre ved t.d. sjukdommar.
- Etter haustferien byrjar med på symjing i lag med 1. klasse. Elisabeth skal ha ansvar for symjeopplæringa, medan Vegard skal ha ansvar for gymundervisninga.

6: Nye klassekontaktar vart vald.

- Kristina Bernotiene skal sitje 1 år til som klassekontakt.
- Siv Katrin Eidhammer vald 1 år som klassekontakt, vara.
- Siv Hege Lindås vald 1 år som FAU-representant.

Alle 3 skal på møte 23. september 19 – 20.30. Meir info kjem.

7: Diverse. Her var det spørsmål om kva som skal skje når Elisabeth går ut i foreldrepermisjon. Sidan ingen heilt veit, står dette framleis opent. **OBS!** Fleire føresette uttrykkar ønskje om at vikaren for Elisabeth vert fast; at ikkje det vert fleire forskjellige som har ei veke her og ei veke der.

Referent: Elisabeth Sigaard